Sjekk branntryggleiken heime

ELEVHEFTE FOR MELLOMTRINNET

NYNORSK

Visste du

- at brannvesenet her i landet rykkjer ut for å sløkkje brann minst ein gong i timen?

Og at meir enn halvparten av brannane skuldast bruk av elektrisitet?

For oss som jobbar i brannvesenet og eltilsynet, er draumen færre brannar og ulukker i hus og heim. Men vi treng di hjelp for å få det til. Hjelp oss å redde liv og verdiar!

På dei neste sidene kan du lese litt om nokre ting vi er ekstra opptekne av. For kvart tema får du i oppgåve å sjekke ein ting heime. Bakerst i heftet er det ei sjekkliste der du skal krysse av for kva du finn ut.

Lukke til!

Har du tenkt over kor avhengig du er av straum?

Du brukar det til nesten alt du gjer! Du les kanskje dette i lyset frå ei lampe. Kanskje høyrer du på musikk i bakgrunnen. Og alle sjekkar vi mobilen altfor ofte. Sjå rundt deg no. Tel kor mange ting du ser som går på straum eller batteri. Du har sikkert mange ting som treng lading av og til. Som regel er lading ganske ufarleg, men det finst ein ørliten sjanse for brann. Det kan vere feil på ladaren, eller batteriet kan vere skadd. Ladarar, mobiltelefonar og andre oppladbare ting kan vere tildekka av klede, puter og anna, slik at dei blir for varme.

OPPDRAG 1

Mitt oppdrag til deg handlar om ladarar:
Sjekk alle rom der du bur. Finn du ladarar med synleg skade eller slitasje? Kryss av i sjekklista på side 7.

Røykvarslaren

Vi som er feiarar, sjekkar først og fremst piper og eldstader. Men vi passar også på at folk har heimen sin viktigaste livreddar på plass: Røykvarslaren.

Du veit, den kvite dingsen som heng i taket og latar som ingenting. Eigentleg gjer den ein veldig viktig jobb for oss. Byrjar det å brenne medan vi søv, er det jo ikkje sikkert at vi vaknar av oss sjølve.
Derfor skal vi ha **røykvarslarar**. Dei varslar oss om brann så tidleg at vi kan komme oss trygt ut. Men eg finn altfor mange røykvarslarar der batteriet enten er tomt eller tatt ut. Kan du hjelpe meg litt her?



Brannøvelse

Eg jobbar med førebygging. Det vil seie alt vi kan gjere for å unngå brann. Samtidig er det alt vi kan gjere for at skadane skal bli minst mogeleg, dersom det likevel blir brann.

For å bli god til noko, må vi øve. Når det er **brannøving** på skulen, trenar vi på å gå raskt ut til **møteplassen**. Men har de ein slik møteplass heime?

Tenk deg at det brenn, og alle i familien går ut ulike vegar. Plutseleg er nokon i hagen, nokon i innkøyrselen og nokon hos naboen. I kaoset som oppstår, er det vanskeleg å vite om alle har komme seg trygt ut. Derfor bør alle familiar avtale ein fast møteplass ute i tilfelle noko skjer. Mitt råd er å velje ein stad som er lett å hugse, og i trygg avstand frå bygningen. Det kan for eksempel vere på parkeringsplassen eller ved postkassa.

OPPDRAG 2

Mitt oppdrag til deg er:

Test minst ein røykvarslar heime med testknappen. Verkar den? Kryss av i sjekklista på side 7.
PS. Har de alarmanlegg knytta til alarmselskap, få ein vaksen til å hjelpe deg.

OPPDRAG 3

Mitt oppdrag til deg er:

Undersøk om familien har avtalt ein fast møteplass utanfor huset i tilfelle brann. Kryss av i sjekklista på side 7.



Det fekk eg lære allereie då eg var ganske ung. Eg fekk ein alvorleg brannskade på armen då eg skulle hjelpe til med lage smultringar til jul. Det blei for varmt, tok fyr, og eg prøvde å løfte gryta. Eg burde nok berre ha lagt på eit lokk, og slått av komfyren.

Husk:

Derfor er det ein ting eg seier til absolutt alle eg møter: Brenn du deg, kan rask og riktig førstehjelp hindre at brannskaden blir verre. **Hugseregelen er 20/20**. Kjøl ned huda med vatn som held rundt 20 grader i rundt 20 minutt.

OPPDRAG 4

Mitt oppdrag til deg er:

Undersøk om dei vaksne i huset kan 20/20-regelen for førstehjelp ved brannskade. Kryss av i sjekklista på side 7.

SJEKKLISTE

	OK	IKKE OK
OPPDRAG 1 Sjekk alle rom der du bur. Finn du ladarar med synleg skade eller slitasje? Finn du ingen, kryss av for "OK".	○	○
OPPDRAG 2 Test minst ein røykvarslar heime med testknappen. Verkar den? Om ja, kryss av for "OK".	○	○
OPPDRAG 3 Undersøk om familien har avtalt ein fast møteplass utanfor huset i tilfelle brann. Om ja, kryss av for "OK".	○	○
OPPDRAG 4 Undersøk om dei vaksne i huset kan 20/20-regelen for førstehjelp ved brannskade. Om ja, kryss av for "OK".	○	○

BRANNVERNSPELET

Spel brannvernspelet

Rikke Røykdykkar, Farid Førebyggjar, Ella Eltilsyn og Filip Feiar treng di hjelp. Heime hos familien Askehaug i Gahls veg skjer nemleg dei merkelegaste ting. Jobben din er å passe på at familien ikkje set fyr på huset sitt, for dei som bur der har ikkje peiling på brann- og eltryggleik! Spel brannvernspelet i nettlesaren på datamaskinen din. Du finn det på brannvernskolen.no. Lukke til!

Vil du vite meir om brann- og eltryggleik?

Her er nokre nettsider for deg som vil finne ut meir:
www.sikkerhverdag.no | www.elsikkerhetsportalen.no
www.brannvernforeningen.no

Norsk brannvernforening | dsb Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap | dle Det lokale eltilsyn | Gjensidige | 110 BRANNVESENET

Dette undervisningsopplegget om brann- og elsikkerheit for mellomtrinnet i skulen, er utarbeida for Brannvernskolen.no. Dei som står bak dette er Norsk brannvernforening og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap i samarbeid med Det lokale eltilsyn, landets brannvesen og Gjensidige.

MGA Design AS/Designeriet